

REFERAT MØTE 4/19 – FYLKESVEGRÅDET

Møtedato: 04.04.2019 Tid: 08.30-12.00 Møtestad: Fylkeshuset

Møteleiar: Håkon Rasmussen

Referent: Jon-Rune Smørdal

Deltakarar: Frå Statens vegvesen (SVV): Grethe Vikane, Kari Beate Rong, Sindre Lillebø, Gunhild Vangsnes, Kristoffer Hove (sak1), Kari Elster Moen (sak 2 og 3), Unn Jenny Utne Kvam (sak 3), Jostein Vandaskog (sak 4), Carl-Erik Nielsen (sak 4-8), Ståle Furnes (sak 9), Frode Aarland (ekstra sak)

Frå Hordaland fylkeskommune (HFK): Håkon Rasmussen, John Martin Jacobsen, Rolf Rosenlund, Torill Klinker, Jon-Rune Smørdal, Bente Utne, Hans-Christian Engum, Nils Vetlesand, Erlend Iversen og Matti Torgersen (sak 6 og 8),

Fråvære: Beate Mæsel og Håvard Mørch Hunskaar

Kopi til: [Ingrid Holm Svendsen](#) og [Solveig Hollund](#)

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Sakliste og innkalling vart godkjent.

Godkjenning av referat frå førre møte:

Referatet frå møtet 14.03.2019 vart godkjent.

1. Rekve bru – val av løysing, SVV v/Kristoffer Hove

Bakgrunn:

I 2018 vart det konkludert med at gamal bru ikkje kunne klassifiserast for Bk6/28. Vegdirektoratet sette krav om tiltak og juli 2018 vart det montert mellombels bru. Saka var forankra i Fylkesvegrådet. I august 2018 vart gamal bru stengt for all trafikk.

Permanent løysing – to alternativ:

1. Forsterking av gamal bru
2. Ny vegbru og bruke gamal steinkvelvsbru som g/s-bru

SVV tilrår alternativ 2 på grunn av:

- lavast byggekostnad - dyrt og vanskeleg å forsterke og utbetre gamal bru for å fungere som vegbru
- mindre usikkerheit, nybygg vs rehabilitering
- betre veglinje
- betre bevaring av kulturminnet; gamal steinkvelvsbru

Ein mur ved sidan av må utbetrast samtidig.

Det er løyvd 10 mill. kr til utbetringar av Rekve bru i 2019 og kalkylen per i dag er innafor ramma.

Konklusjon: Fylkesvegrådet støttar tilrådinga frå SVV med alternativ 2. Tiltaket kan gjennomførast under føresetnad av at nødvendige TS-tiltak med kryssing av veg m.m. vert avklart og at nødvendige avklaringar

2. Klagesaker etter veglova, SVV v/Kari Elster Moen

Det vart opplyst om at SVV no tilbyr nye digitale løysingar for søkje byggegrensedispensasjon og endra bruk av avkøyrslar.

På fylkesveg er Hordaland fylkeskommune klageorgan for byggegrensedispensasjon og endra bruk av avkøyrslar. På riksveg er Vegdirektoratet klageorgan.

Saksgang:

- Statens vegvesen fattar vedtak og opplyser om klagerett
- Dersom søker klagar, går klagen til Statens vegvesen som behandlar klagen.
 - a. SVV kan ta klagen til følge og gjere om sitt eige vedtak og gje disp. eller løyve.
 - b. SVV kan velje å ikkje ta klagen til følge. Då sender SVV klagen til fylkeskommunen for behandling.
- Fylkeskommunen behandlar klagen og legg denne fram for politisk organ som er klagenemnda:
 - a) Fylkeskommunen kan ta klagen til følge
 - b) Fylkeskommunen kan velje å ikkje gje klagar medhald i klagen

Dersom fylkeskommunen gjev klagar medhald kan det oppstå følgjande situasjonar:

1. Klagenemnda gjev klagar medhald i samsvar med administrasjonen si innstilling. Då er vilkår med i vedtaket.
2. Klagenemnda gjev klagar medhald på tross av at administrasjonen si innstilling. Utfordringa då er at klagar kan få medhald for det SVV vurderer som svært dårlig løysing for avkøyrslar og utan at det vert sett vilkår.

SVV meiner moglege konsekvensar med å gje klagar medhald må kome med i saksgrunnlaget, og at det vert lagt ved vilkår for avkøyrslar etter veglova i oversendingsbrev om vedtaket, til dømes krav til sikt, helling og kurvatur i avkøyrsla. Dette for at SVV har grunnlag for å avklare om det må gjerast tiltak før avkøyrslar vert tatt i bruk etter Veglova § 43 1. ledd:

«Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter. Så langt det ikkje er fastsett noko anna, skal desse reglane gjelde i staden for vilkår som tidlegare måtte vere sette for løyve til avkjørsla.

I reglane kan det fastsettast at det skal gjelde særlege frisisiktliner mellom avkjørsla og den offentlige vegen. Om vegstyremakta finn det naudsynt, kan slike frisisiktliner òg gjerast gjeldande utanom byggegrensene. Vegstyremaktene kan òg sette som vilkår for løyve til avkjørsle i det einskilde tilfellet at eigaren eller brukaren av avkjørsla syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsette av vegstyremakta.»

Moen gjekk gjennom eksempel der klagar fikk medhald utan at det vart sett vilkår.

Konklusjon: SVV vil få sendt over eit brev frå HFK som klargjer korleis slike klagesaker vert handtert vidare. Det vil ikkje bli store endringar på kort sikt pga. omorganisering 01.01.2020, men viktig å avklare prosedyre for denne type saker i ny organisasjon. Konsekvensane av å ikkje følgje administrasjonen si innstilling skal kome tydeleg fram i saksframstillinga, samt minimumskrav til grunngjeving. HFK vil vurdere om det skal utarbeidast ein mal der vilkår etter veglova for avkøyrslar følgjer oversendingsbrevet med vedtak.

3. Utleie av areal til uteservering i Bergen sentrum - overgangsordningar SVV–VFK, v/Unn Jenny Utne Kvam

SVV samarbeider med Bergen kommune v/Bymiljøetaten om utleie av fortausareal til uteservering langs fylkesvegar. I dag får Bergen kommune leieinntektene, mot at dei administrerer kontraktar mv. Det må avklarast kva ordning og samarbeid med kommunen Vestland fylkeskommune skal ha i 2020 og kva delegasjonsreglement for handsaming av uteserveringssøknadar som skal gjelde i 2020. Sesongen for utleige går frå 1.4. til 31.3. året etter. Det er derfor trong for avklaring om SVV skal inngå avtalar til 1.1.2020 eller om avtalane kan gå til 31.3.2020 som vanleg.

Kommunedelplan for sentrum har retningslinjer for når det kan opnast for utleie av areal til uteservering, og kor langt ei uteservering kan gå ut på fortau. SVV har gjort trafikkfaglig vurdering av kvar enkelt søknad. Innspel i samband med utarbeiding av ny gå-strategi, høgare prioritering av mjuke trafikantar og kollektivreisande gjer at det er lagt til grunn ein litt strammare praksis for utleie av areal i 2019. Dette gjeld spesielt på austsida av Torget der det er behov for meir venteareal/gangareal ved busshaldeplasser. Før utserveringssesongen 2020 er det behov for å gjere nye vurderingar av fleire saker, særleg for fortaua med mest gangtrafikk.

Bergen kommune forvaltar inngåtte leieavtaler på Fisketorget på areal som i dag er eid av HFK. Dette må følgjast opp i den same prosessen.

Oppfølging: SVV tar initiativ til å få på plass ei arbeidsgruppe etter sommarferien 2019, som saman med Bergen kommune skal kome med tilråding om kva samarbeid og policy som skal gjelde etter mars 2020. HFK kjem tilbake til kven som skal vere kontaktpersonar (1-2 personar) i denne arbeidsgruppa. Det bør vere med personar både med juridisk kompetanse og vegfagleg kompetanse i arbeidsgruppa.

SVV kan på vegne av HFK/VFK samtykke til nye avtaler fram til 31.03.2020. Vestland fylkeskommune tar over avtaler som SVV inngår og ein treng ikkje endre policy fram til og med mars 2020.

4. Nye vegklassar og vegnummer - vegfagleg tilråding, SVV v/Jostein Vandaskog og Carl Erik Nielsen

Ei arbeidsgruppe har utarbeida administrativt forslag til vegklasse og vegnr. for Hordaland fylkeskommune. Dette gjeld også utarbeiding av interaktivt kart.

Bakgrunnen for dette arbeidet er at det er kome pålegg frå sentralt hald om å rydde i vegnummer og vegklasser over heile landet fordi:

- mange vegar med same vegnummer i fleire fylker og generelt behov for rydding i vegnummer
- snart tom for «ledige» vegnr.
- mange fylkesvegar har same nummer som riksvegar - grunnlag for feil/misforståingar
- dagens system er ei utfordring for NVDB (nasjonal vegdatabank)

Prinsipp for endringar frå 01.01.2020:

- alle riks- og fylkesvegar skal ha unike vegnummer
- dei fleste europa- og riksvegane beheld sitt nummer
- dei fleste av dei tidlegare riksvegane (2010) beheld sitt vegnummer
- øvrige vegar: nytt nasjonalt tre- og firesifra nummersystem uavhengig av forvaltningsgrenser. Nummer skal tildelast på bakgrunn av vegklasse.

Samanheng funksjonsklasser, vegnummer og skilting

- A Nasjonale hovudvegar
 - Beheld sine vegnummer og skilt, nesten ingen endringar
- B Regionale hovudvegar (tidl. riksvegar)
 - Dei fleste beheld sine vegnummer, men nokre endringar av ruter (pga nybygg, tidl. vedtak i HFK, osv) Skal skiltast
- C Lokale hovudvegar
 - Mange beheld sine gamle nummer, mesteparten får nytt tresifra veg- nummer. Dei fleste bør skiltast
- D og E – lokale samle- og adkomstvegar
 - Alle får nye firesifra vegnummer. Skal ikkje skiltast

Oppfølging: SVV tydeleggjer mandat for endringane som vert gjort frå 01.01.2020, samt estimat for kostnader for pålagt skilting og sender over til HFK grunnlag for å utarbeide orienteringssak om nye vegklassar og vegnummer til MISA 5. juni og FU 20. juni

5. Prioritering/bruk av 10 mill. kr til oppgradering av Fv 7 Øystese - Granvin, SVV v/Carl Erik Nielsen

I RTP sitt investeringsprogram for 2019-2029 er det sett opp årleg sum til fv.7 over fleire år. Det er utarbeida ei liste over aktuelle punktutbetringar. Prioriteringar og nytteverdi for tiltaka i lista er avklart med NLF og Kvam herad administrativt og politisk. Kor mykje som vert gjennomført av dette er avhengig av kor mykje som vert vedteke løyvd i dei årlege budsjetta frå 2020 og utover .

I 2019 er følgjande på gang innanfor ramma på 10 mill. kr:

- Punktutbetring Øystese-Kvanndal
- Samlekontrakt mindre vegarbeid juni 2019
- Sette opp «friteksttavler» på strategiske plasser; Tysse/Frøland, Austrepollen, Norheimsund for å få ut betre informasjon til trafikantane til dømes i samband ned omkøyning.
- Vurderer intelligent lysregulering

Oppfølging: Utarbeide orienteringssak til MISA om status og prioriteringsliste.

6. Orientering om status for Fv7 Tokagjelet, SVV v/Carl-Erik Nielsen

Det er no utarbeida mange fagrapportar som grunnlag for val av linje/trase, stad for «påhogg» for tunnel og utrekning av kostandar for dei ulike alternativa. Rapportane er til kvalitetssikring/justering i disse dagar.

Framdriftsplan:

- Anslag og finansieringsanalyse i mai 2019.
- Presentasjon og drøfting i Fylkesvegrådet 6. juni
- Mål å sende over planen til dei to kommunane i juni 2019. Ordførarane i dei to kommunane ønskjer presentasjon i formannskap før plan vert lagt ut til høyring.
- Mål å få vedtatt plan i desember 2019

7. Venterom Seljestad – kortsiktig tiltak, SVV v/Carl-Erik Nielsen

Plassen er i dag brukt både som kontrollplass for tunge køyretøy og i mindre grad lette køyretøy. Den er også brukt som bussbytepunkt for lokal- og aust- vestgåande ekspressbussar. Det er behov for å sette opp venterom på Seljestad for å oppnå:

- Fast plass der bussbyte skjer
- Mindre «myldring» av reisande ved av- påstigning og til og frå venterom buss
- Dei reisande unngår å kryssa gjennomkjøringsfeltet for kontrollstasjonen for å koma til og frå toalett
- Ein vil kunna få skilja kontrollaktiviteten frå bussreisedelen

Konklusjon: Fylkesvegrådet tilrår at det vert sett opp brakke med venterom og toalett slik SVV tilrår. Det vil koste rundt 0,4 mill. kr. Plassen ligg langs riksveg, så Fylkesvegrådet ber om at SVV sjekkar ut om staten kan bidra med finansiering. Nødvendige tiltak for å betre situasjonen er etterlyst lenge av fleire partar. Dersom ikkje staten vil finansiere tiltaket tilrår Fylkesvegrådet at HFK finansierer dette innafor programområde som kan gå til slike mindre tiltak. Det vil seie at fylkeskommunen garanterer for finansiering innafor ei ramme på 0,4 mill. kr for å få gjennomført tiltaket så raskt som mogleg.

8. Oppstart av reguleringsplan for Fv.107 Nordrepollen-Austepollen og forprosjekt for Fv551 Fureberg tunnelen, HFK v/Matti Torgersen

HFK har motteke brev frå kommunane som er involvert der det kjem fram at dei ønskjer å gå vidare med planarbeidet så raskt som råd er. Det er også kome innspel om at det er ønskeleg å starte eit forprosjekt/moglegheitsstudie for Fureberg tunnelen.

Matti orienterte om status for arbeidet og kva som kan vere vegen vidare i planarbeidet. I fyrste fase må ein avklare val av trase mellom Nordrepollen og Austepollen, og det står i utgangspunktet mellom to alternativ.

HFK har litt frigjorte planmidlar i 2019 slik at kan finansiere vidare planlegging om ein tilrår dette. Finansiering av byggeprosjektet er ikkje avklart og to andre store rassikringsprosjekt; «Tokagjelet og Krokalandet», er prioritert fram mot 2025.

Konklusjon: Det er mange planprosessar på gang og ressursituasjonen er krevjande. Sjølv om ein leier inn eksterne konsulentar til planarbeidet må SVV sette av ressursar til å bidra inn med kompetanse. Fylkesvegrådet ønskjer i neste møte ein gjennomgang på status for prosjekt som er inkludert i planprogrammet i 2019 og ressursituasjonen. Etter denne gjennomgangen vil Fylkesvegrådet kome med tilråding til vidare framdrift for planlegging av fv.107 Nordrepollen-Austepollen og forprosjekt for Fv551 Fureberg tunnelen.

9. Orientering sambruksfelt kollektiv, SVV v/Ståle Furnes

SVV er starta arbeidet med å utgreie moglegheit for etablering av sambruksfelt kollektiv på ulike strekningar inn til Bergen og kva feltpar som kan vere best egna på dei ulike strekningane. Det vart orientert om plan for vidare arbeid.

I fase 1 vil ein analysere kvar det er fysisk mogleg å få til løysingar. Slik det kan sjå ut i dag er det vanskelegast å få til gode løysingar der behova er størst, men vidare utgreiing vil avklare kva som er

mogleg.

I fase 2 vil ein analysere nærmare dei aktuelle strekka der det er fysisk mogleg å få til noko. SVV vil bruke modellar/metodar som «RTM» og «AIMSUN» for å vurdere effekten av moglege tiltak. Desse modellane kan ein også bruke i andre samanhengar i Bergensområdet.

Framdriftsplan:

- fase 1 ferdig 1. juli
- fase 2 inkl. ferdig rapport innan 20. desember

Innspel i møte: Den største utfordringa for framkome for kollektivtrafikken i dag er truleg krysset på Nygårdstangen og inn til Bygarasjen. Det bør definerast eit eige prosjekt i regi av kollektivgruppa i Miljøløftet som ser nærare på denne utfordringa, men det bør bli nemnt i rapporten at det er viktig å sjå dette i samheng med andre tiltak.

Oppfølging: Skyss og representantar frå HFK skal bli involvert i ein tidleg fase gjennom at SVV tar saka vidare inn i den etablerte kollektivgruppa. Det må meldast tilbake til politisk nivå at vi er i gang med utgreiinga, samt orientere styringsgruppa i Miljøløftet og Bergen kommune.

10. Diverse prosjekt på Austevoll, bompengefinansiering? – Austevollpakke?, HFK v/John Martin Jacobsen og SVV v/Sindre Lillebø

Austevoll kommune, SVV og HFK har hatt kontakt og møter for å vurdere aktuelle samferdselsprosjekt i Austevoll og korleis desse kan finansierast. Skal ein få gjennomført litt større prosjekt og tiltak i kommunen kan bompengar vere ei løysing.

Kommunen er i gang med å utarbeide ei samferdselsutgreiing og i samarbeid med SVV og HFK vil dei sjå nærare på aktuelle prosjekt, kva dei vil oppnå med prosjekta (mål) og omfang (standarval, lengde m.m. sett i forhold til mål).

SVV har orientert kommunen om saksgang og realistisk framdrift for å få på plass eit grunnlag for å eventuelt kunne sende inn bompengesøknad. Dette inkluderer også potensiale for bompegeinntekter med vurdering av alternative løysingar.

Detaljar knytt til vidare oppfølging er avtalt i møte HFK og SVV hadde med kommunen 3. april.

11. Orientering om 1. tertialrapportering og budsjettjusteringar 1. halvår – både administrative budsjettjusteringar og det som må inkl. i 1. tert. rapportering

SVV informerte kort om kva prognosen er per d.d., viktige moment som må avklarast i samband med 1. tertialrapport og framdrift for administrative budsjettjusteringar.

12. Sykkeltunnel til Fyllingsdalen – problemstillingar rundt sikkerheit og overvåking.

Det er behov for å inngå ei avtale mellom partane. SVV tar direkte kontakt med BU for avklaring av eigarforhold, drift m.m.

13. Ymse

Ekstra sak: Fv 582 Stortevitvegen- val av løysning for sykkel til/frå Knutepunkt Wergeland, SVV v/Frode Moen Aarland

SVV informerte om prosessen som har vore, status for planarbeidet og presenterte alternative løysingar som er utgreia. Bergen kommune ønskjer no i utgangspunktet å gå for alternativet med sykkelsti. SVV tilrår sykkelveg ut frå ei totalvurdering og med grunnlag i konklusjon i forprosjektet. I si grunngeving vektlegg SVV spesielt trafikktryggleik, framkome, unngå standardsprang/systemskifte og at strekninga er ein viktig tverrforbindelse på hovudsykkelnettet.

Oppfølging: SVV gir tilbakemelding til Bergen kommune om at dei tilrår sykkelveg og at HFK støttar denne løysinga. SVV utarbeider forslag til svar, med grunngeving av tilrådd løysing, og sender over til HFK før oversending til Bergen kommune.

Fjelbergsambandet

HFK vil i samarbeid med SVV lage til ei oppsummering på kva behov som er meldt inn og kva som er realistisk i forhold til ressursbruk til vidare planprosess.

Regionreform

Det er fokus på å halde oppe produksjon under omorganiseringsprosessen og få gjennomført prioriterte oppgåver og prosjekt.

Brorparten av kven som skal vere seksjonsleiarar i ny organisasjon er avklart og neste steg er å få plassert inn tilsette.

Det juridiske med verksemdoverdraging inkl. bompengepakkar med både riksveg og fylkesvegar er under prosess.